



Stein Inge Steffensen
Høylandsvegen 301
5913 EIKANGERVÅG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/845 - 21/9108

Saksbehandlar:
Astrid Riise
astrid.riise@alver.kommune.no

Dato:
10.02.2021

Melding om mogleg ulovleg tiltak - forsøpling - gbnr 208/3 Hegernes

Tiltak: Opprydding
Byggjestad: Gbnr 208/3
Tiltakshavar: Stein Inge Steffensen

Alver kommune har den 25.01.2021 motteke ei bekymringsmelding med informasjon om at det ligg mykje boss og at det er observert bossbrenning på eigedommen din, med adresse Høylandsvegen 301, 5913 Eikangervåg. Det er ikkje blitt informert om kva type boss det dreier seg om. Kommunen vil gjere deg merksam på at det er ikkje tillatt å brenne anna enn reint trevirke.

Det er etter forureiningslova § 28 første ledd eit generelt forbod mot å etterlate eller oppbevare avfall slik at det kan «virke skjæmmende eller være til fare eller ulempe for miljøet».

Føresegna gjeld og forsøpling på eigen eigedom. Etter føresegna i § 28 tredje ledd stillast det krav til forureinaren om å rydda opp.

Alver kommune er forureiningsmynde jf. forureiningslova § 48, og har plikt til å undersøkje meldingar som kjem inn til kommunen. Vi ber difor om ei tilbakemelding om:

- tilhøva på staden
- plan for vidare skadebegrensande tiltak basert på omfanget av forureininga og effekten av iverksatte tiltak

Frist for tilbakemelding vert sett til 15.03.2021.

Dersom du meiner at opplysningane våre ikkje er rette, eller at det fins andre grunnar til at du ikkje har plikt til å rydde opp, ber vi om at du tek kontakt med oss snarast mogleg og seinast innan fristen som er sett for utbetring av tilhøvet.

Skriftleg tilbakemelding sendast til:

- post@alver.kommune.no eller
- Alver kommune, postboks 4, 5906 Frekhaug.

Aktuelt regelverk:

- Kommunens tilsynsplikt følger av forureiningslova § 48
- Definisjon av avfall følger av forureiningslova § 27
- Forbud mot forsøpling følger av forureiningslova § 28.
- Pålegg om opprydding eller dekning av kostnader til andre ved opprydding følger av forureiningslova § 37 1.ledd.

Spørsmål i saka kan rettast til sakshandsamar på telefon 5637 5000 eller på e-post.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Miljø og tilsyn

Astrid Riise
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Stein Inge Steffensen

Høylandsvegen 301

5913

EIKANGERVÅG